

Bengalsk ljøs over fotballen

Sportsjournalistane er som bokbadarar. Dei har ikkje vilje til anna enn å smekja og smila. Dei framstår som tenarar, ikkje av journalistikken, men av makta som rår.

Bengalske ljøs vart hivne ut på grasmatta då det norske herrelandslaget i fotball skulle spela EM-kvalifiseringskamp mot laget til Bosnia-Hercegovina på Ullevål stadion førre helga. Då den bosniske nasjonalsongen vart framført, rulla ljøskastarane jamvel ut eit banner med ordet *mafia* påskrive.

Førti minutt gjekk før kampen kunne halda fram. Då hadde politiet fjerna om lag tretti *kjeltringar*. Dette ordet fann fotballpresident Sondre Kåfjord passande å kalla urostiftarane. Han var ilter på det bosniske fotballforbundet òg. Dei verka meir opptekne av ordlyden på banneret enn av ljøskastinga på bana, meinte han, og tru om han ikkje skulle ha grunda litt meir over skuldningane frå tribunen.

Heimelaget tapte, og det var det mange som ikkje hadde venta. Spelarane var i slag, førebuingane lova godt og motstandaren skulle vera lett å takla. *Vi har aldri vore betre budde*, vart det sagt, men så viste det seg at påstanden ikkje galdt laget, men sikringa av stadion. Kvar einaste tilskodar var kroppsvisitert, men likevel greidde røvarane å smugla inn ljøsa. Dei må ha putta dei i gøymestader på kroppen, gissa Karen Espelund, generalsekretæren i Norges Fotballforbund. Ho lét det skina igjennom at ho sikta til bakende og munnhole. Korleis fekk bosniarane ljøsa ut att?

Etter kampen sa John Carew at lagkameratane no var svært langt nede. Det same kan seiast om TV2, som har kjøpt rettane til TV-bileta til EM 2008. Prisen i 2004 var om lag 60 millionar kroner, og kva dei har betalt denne gongen, vil dei halda for seg sjølve. Men ryk Noreg ut, er det altså ikkje berre landslaget som går på eit tap.

Fotball er fotball, vert det sagt, men slike orakel tenkjer så djupt at dei ikkje kjem opp att. Rett nok inneber utsegna at det er noko magisk ved spelet som ord ikkje fangar opp. Men fotball er ikkje lenger berre eit ballspel, det er òg eit pengespel. Ofte skjemmest eg når eg tek det innover meg. Her sit eg og ser korleis mangemillionærar legg seg opp endå meir, tenkjer eg. Likevel er norske sportsjournalistar mest profesjonelle når det gjeld å sky den økonomiske sida av spelet. Dei må snart vera dei einaste som ikkje kjenner avsky for kommersialiseringa av idretten. Overgangssumar

og årsinntekter vert omtala med age og ovundring. Svarte pengar og avtala spel er det berre grekarar og italienarar som driv med, og journalistane gløymer det fort. At spelarane dressar seg opp som direktørar og dandyar, aukar berre vyrnaden. Hareide, landslagstrenaren, ter seg som om han leier ei noko stor verksemd. Det kan han gjera, for kompisane hans mellom journalistane tykkjer han er tøff.

Spelarane er ofte ordknappe, og journalistane lét dei få vera i fred. Dei vert handsama med større vyrnad enn gudar og kongar. Sportsjournalistane er som bokbadarar. Dei har ikkje vilje til anna enn å smekja og smila. Dei framstår som tenarar, ikkje av journalistikken, men av makta som rår.

Fotball er fotball og han lyser opp seg sjølv. Han er reint spel og skir kunst. Han finst ikkje i verda, han finst berre i fintene. Slik liknar han tida sjølv. Det finst ikkje noko samfunn, berre individ. Det finst ikkje lykkjer, berre sportspalass. Det finst ikkje noko lag, berre stjerner og verksemdar. Men eit landslag er ikkje noka verksemd. Det løner seg ikkje serleg å vinna. Spelarane ser ut til å slita som om dei var på straffarbeid i ein leir med karar dei ikkje bryr seg mykje om.

Då er det annleis med klubbspillet. Der aukar den eine spelaren potten for heile hurven. Difor gjeld det å ha blod på tann. Difor står alt på spel når spelarane ofrar siste muskel for eit mål. Difor skriv òg journalistane så mykje om kroppane deira. Då eg las om Bosnia-kampen og fann ordet *kroppskontroll*, trudde eg det hadde med laget å gjera. Men nei. Det dreia seg om munnholer og bakende.

Det skandaløse er at korkje spelarar, forbundsleiing eller journalistar synte kritisk interesse for ljøskastarane på tribunen. Det set fotballen i eit endå merkelegare ljøs enn det bengalske. Saka er at bosniarane skulda heimeforbundet for korrupsjon. Dette var grunnen til at tretten landslagsspelarar skal ha trekt seg sidan i fjor, og at dei beste bosniske spelarane ikke viste seg på Ullevål.

Men slikt spelar inga rolle for spelet. Etter Valla-saka slo journalistane fast at dei har høge ideal for arbeidet sitt. Dei grev og granskar, drivne som dei er av omsynet til sanninga og omsuta for ålmenta. Så endefram tale lyt ein taka på ordet, kva nyhende det enn måtte gjelda. Eg lurar svært på om fotballjournalistar reknar seg som journalistar.

Karin Sveen